ØYGARDEN KOMMUNE
RÅDMANN

MØTEREFERAT

# REFERAT FRÅ MØTE MED DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR GRUNNSKULEN, 11.03.15

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dok. ref.:** | 12/294-53/K2-A12//ØST | **Møtedato/Tid:** | 11.03.15, kl.19.00 – 20.00 |
| **Stad:** | Rådhuset – Møterom: Rongesundet | **Møtenr.:** | 02/15 |
| **Referent:** | Øyvind Strandheim | | |
| **Tilstades:** | Toftøy skule<br>Toftøy skule<br>Rong skule<br>Blomvåg skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Øygarden ungdomsskule | Leif Gunnar Vik<br>Wegard Kristensen<br>Bernhard Eriksen<br>Randi Dale Harkestad<br>May Britt Heggholmen<br>Espen Harkestad | |
| **Forfall:** | Rong skule<br>Blomvåg skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Øygarden ungdomsskule | Elin Andersen<br>Silvia Haugland<br>John Steffen Ervik<br>Reidar Johannesen | |

**Adresseliste:**

| SKULE | Leiar | Nestleiar |
|---|---|---|
| Toftøy skule | Leif Gunnar Vik<br>lgun-vik@online.no<br>948 10 746 | Wegard Kristensen<br>Wegard.kristensen@spv.no<br>415 20 952 |
| Rong skule | Bernhard Eriksen bern@statoil.com<br>Pålsneset 5337 RONG<br>913 92 457 | Elin Andersen<br>Elinmyhr.76@gmail.com<br>473 26 463 |
| Blomvåg skule | Silvia Haugland<br>Silvia.Haugland2@oygarden.kommune.no<br>913 99 016 | Randi Dale Harkestad<br>Randi.Harkestad@oygarden.kommune.no<br>922 95 142 |
| Alvheim og Bakken skule | May Britt Heggholmen<br>May.britt@vestkystbygg.no<br>926 45 146 | John Steffen Ervik<br>John.ervik@oygarden.kommune.no<br>997 99 522 |
| Øygarden ungdomsskule | Espen Harkestad<br>espenharkestad@hotmail.com<br>mob:92898866 | Reidar Johannesen<br>Rkjoh1967@gmail.com<br>Mob:93491210 |

## Innkalling:

| Sak nr. | Tema |
|---|---|
| 08/15 | **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 12.02.15**<br>**Godkjenning av innkalling til møte 11.03.15**<br><br>Konklusjon<br>Referatet frå 12.02.15 vart gjennomgått og godkjent<br>Innkallinga til møte 11.03 vart godkjent<br><br>Merknad frå Espen Harkestad til både referat og innkalling: Rett adresse er: espenharkestad@hotmail.com |
| 09/15 | **Thomas Nordahl**<br><br>**Bakgrunn:**<br>**KFUG 29.09.14** |

| | |
|---|---|
| | **Konklusjon:**<br>1. KFUG sluttar seg til forslag til prosess slik dei vart presentert i notatet «Aktive foreldre i Øygardsskulen»<br>1. KFUG ser det som avgjerande at skulen og foreldra arbeider parallelt med sine satsingar, som er valde frå lysarka som Thomas Nordahl presenterte i Kulturhuset 18.02.14.<br>2. FAU på kvar skule velgjer innan utgangen av oktober, 2-3 punkt i lysarka «Foreldre i skulen»<br>3. Dei utvalde punkta vert presenterte i klasseforeldremøte innan 15.11<br>4. KFUG inviterer til møte mellom KFUG og rektorane, torsdag 27.11, kl.19.00 -21.00 i Rådhuset, for å presentera foreldra sine satsingsområde på kvar skule. KFUG ber også rektorane presentera skulen sine satsingsområde<br>5. KFUG og rektorane drøftar 27.11. på kva måte og kor lenge ein kan/bør vedlikehalda trykket på desse satsingsområda<br><br>**KFUG 27.11.14**<br>Skulane i Øygarden v/rektor Frank Hop, presenterte felles dokument (vedlegg).FAU presenterte satsingsområde frå kvar skule (vedlegg)<br>**Konklusjon:**<br>Skulane gjennomfører frå 01.01.15 fellessatsinga «Klasseleiing og lærarkompetanse ved øygardsskulane» til forpliktande oppfølging av Thomas Nordahl. Det vert ei oppgåve i rektormøta frametter å finna felles måte å etterspørje og evaluera gjennomføringa.<br><br>FAU ønskjer å drøfta om foreldra kan/bør ha nokre fellespunkt og nokre lokale punkt til oppfølging.<br><br>**KFUG 12.02.15**<br>**Konklusjon**<br>• KFUG held fast på konklusjonane frå 27.11.14.<br>• Skulane og FAU presenterer sine satsingsområde i foreldremøta.<br>• Prosjektet går over to år: 01.01.15 til 31.12.16.<br>• Mål: Prosessen er viktigast. Korleis nå alle foreldre med kjernepunkta i Thomas Nordahl sine kunnskapsbaserte råd<br>• Snakke om prosess/ satsingsområde i kvart FAU<br>• Det er viktig å få satsinga inn i system/struktur, slik at den vert av varig verdi<br>• Det vert laga ein kort videopresentasjon henta frå foredraga til Thomas Nordahl (You Tube). Ansvar: Bernhard Eriksen<br>• Neste møte i KFUG, 11.03. kl.19.00 -20.00<br><br>**KFUG 11.03.15**<br>Sak vart utsett til neste møte, 03.06.15 |
| 10/15 | **KFUG- vedtekter**<br><br>**Bakgrunn:**<br>Det vart i møte 27.11.14, delt ut døme på vedtekter for KFUG frå kommunane, Nes, Drammen og Arendal.<br><br>**Konklusjon**<br>Det vert laga utkast til vedtekter for det kommunale foreldreutvalet for grunnskulen i Øygarden, til neste møte (11.03). Ansvar: Leif Gunnar Vik<br><br>**KFUG 11.03.15**<br><br>**Oppfølging**<br>1. KFUG gjekk gjennom forslaga til nye vedtekter<br>2. KFUG slutta seg samrøystes til dei nye vedtektene<br>3. Vedtektene vert sendt ut saman med referatet frå møtet, 11.03 |
| 11/15 | **Eventuelt**<br><br>**Ingen saker** |

# Vedtekter for Øygarden kommunale foreldreutval

1. **Namn**
   Øygarden kommunale foreldreutval, forkorta Øygarden KFU, er eit fellesorgan for alle føresette med born i grunnskulen i Øygarden.

1. **Formål**
   Øygarden KFU er eit organ som skal ta i vare elevane og dei føresette sine interesser på skulen og arbeide for at elevane trivst og har god læring på skulen. Øygarden KFU er eit naturleg bindeledd mellom FAU-ane, skulane, politiske utval og administrasjonen i kommunen.

2. **Val og konstituering**
   FAU-leiar og nestleiar i kvart FAU er representant til Øygarden KFU. Øygarden KFU vert konstituert på første møtet etter sommaren og vel: Leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar kan ikkje vere frå same skule.
   Kommunalsjef for barnehagar og skule er sekretær for utvalet og sender innkalling og fører referat frå møta.

3. **Komitear/Ad hoc grupper**
   Utvalet opprettar sjølv komitear og arbeidsgrupper som er tenlege for å arbeide med saker innafor formålet.

4. **Møteordning og saksgang**
   Det blir laga referat frå kvart møte. Referata blir sendt til alle medlemmane, komité for levekår og komité for teknikk.
   Saker som krev votering blir avgjort ved simpelt fleirtal. Leiar har dobbeltrøyst ved stemmelikheit.
   Utvalet har minst 4 møte kvart skuleår.

5. **Oppgåver**
   Øygarden KFU sine hovudoppgåver er å koordinere elevar og føresette sine behov og ynskjer i kommunen, og å drive opplæring og erfaringsutveksling. Øygarden KFU skal vere ein naturleg samarbeidspartnar for politikarar og skuleadministrasjonen.

6. **Økonomi**
   Øygarden kommune finansierer arbeidet til Øygarden KFU.

7. **Teieplikt**
   Forvaltningslova sine bestemmingar om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmar av skulen sine rådsorgan (Opplæringslova § 15 - 1).

8. **Vedtektsendring**
   Øygarden KFU konstituerer seg på fyrste møtet kvar haust og vedtar på nytt gjeldande vedtekter. Forslag til endring av vedtektene må leverast til leiar av utvalet seinast tre månader før det konstituerande møtet.